



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FE-026, FA-C20
Arkivsaksnr: 19/303	Løpenr: 19/6850
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.10.2019	032/2019
Kommunestyret	17.10.2019	047/2019

Bergen og omland friluftsråd - endring i medlemskommunar på grunn av kommunesamanslåingar Kommunestyrevedtak i alle deltakarkommunane

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 047/2019 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev si tilslutning til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Meland, Radøy, Lindås, Os og Fusa går ut av Bergen og Omland friluftsråd med grunngjeving i kommunesamanslåingar. Samstundes gjev Samnanger kommune si tilslutning til at dei nye kommunane Nye Øygarden, Alver og Bjørnafjorden blir nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd og overtar rettar og plikter frå sine respektive samanslåtte kommunar.

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 032/2019 Vedtak:

Samnanger kommune gjev si tilslutning til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Meland, Radøy, Lindås, Os og Fusa går ut av Bergen og Omland friluftsråd med grunngjeving i kommunesamanslåingar. Samstundes gjev Samnanger kommune si tilslutning til at dei nye kommunane Nye Øygarden, Alver og Bjørnafjorden blir nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd og overtar rettar og plikter frå sine respektive samanslåtte kommunar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev si tilslutning til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Meland, Radøy, Lindås, Os og Fusa går ut av Bergen og Omland friluftsråd med grunngjeving i kommunesamanslåingar. Samstundes gjev Samnanger kommune si tilslutning til at dei nye

kommunane Nye Øygarden, Alver og Bjørnafjorden blir nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd og overtar rettar og plikter frå sine respektive samanslåtte kommunar.

Dokument som er vedlagt:

Brev til deltakerkommuner om endringer i deltakerkommuner i BOF

Kva saka gjeld:

Bergen og omland friluftsråd (BOF) har sendt følgjande førespurnad til alle deltakarkommunane:

«Vi viser til den pågående kommunesammenslåingen blant deltagerkommuner i BOF hvor

- Fjell, Sund og Øygarden kommuner blir Nye Øygarden kommune
- Lindås, Meland og Radøy kommuner blir Alver kommune, og
- Fusa og Os kommuner blir Bjørnafjorden kommune

Styret i BOF ønsker at de nye kommunene blir deltagerkommuner i BOF og at de overtar rettigheter og plikter for de sammenslåtte kommunene, som alle er deltagerkommuner i BOF pr dags dato. Styret legger nå opp til å få gjennomført behandling og vedtak i alle berørte kommuner før årsskiftet. Deretter vil årsmøtet 2020 kunne gjøre et endelig vedtak slik at de nye sammenslåtte kommunene kan bli deltagere i det interkommunale samarbeidet fra 2020.»

Vedtektene til BOF er å finna som vedlegg til brevet til kommunane. Begge delar er vedlagt dette sakspapiret.

Vurderingar og konsekvensar:

Me kan ikkje sjå at dette vedtaket vil få nokon negative konsekvensar for Samnanger kommune, og rår til vedtak om tilslutning til endringane.